PROGRAM 2019-2023

# HÅ SENTERPARTI

Ordførarkandidaten vår



Svein Høyland, rektor, Brusand



Gry Kirsti Høyland Sirevåg, sjukepleiar, Nærbø



Sjur Håland, journalist, Varhaug



Lenita Salte, butikkmedarbeidar, Varhaug



Anders Braut Ueland, bonde, Vigrestad

Sp – nær folk

## MED HJARTA FOR HEILE HÅ

**Hå Senterparti** vil dei neste fire åra ha fokus på to område; **mat og digitalisering**: Me skal styrka Hå som matkommune, frå jord til bord, og både få stoltare bønder, auka kunnskap om mat i barnehagar og skular, større forståing for jordvern og breiare næringsmiddelindustri. Me skal innføra og bruka nye digitale hjelpemiddel til det beste for innbyggarane.

## MAT OG LANDBRUK

- Vera den viktigaste politiske støttespelaren til bonden
- At jordvern skal prioriterast. All bustadutbygging skal haldast innanfor eksisterande arealplanar
- Styrka næringsmiddelindustrien gjennom aktiv næringspolitikk
- Laga miljø- og klimaplan for kommunen som er basert på fagleg skjønn og som tar omsyn til matproduksjonen
- Arbeida for å behalda pelsdyrnæringa
- Leggja til rette for norsk- og lokalprodusert mat i skular, barnehagar og andre kommunale institusjonar
- Opparbeida eit fond for grøftingstilskot

## DIGITALISERING

- Byggja ut breiband i heile Hå
- Laga digitaliseringsplan for skulane innan etiske, praktiske og pedagogiske område
- Bruka velferdsteknologi på ein meiningsfull måte som tener innbyggarane
- Innføra enkle og rimelegare system for saksbehandling

## HELSE OG SOSIAL

- Ha legevakt i Hå
- Leggja til rette for frivillig arbeid innan helsesektoren
- Auka andelen helsesjukepleiarar per barn og ungdom
- Ha fleire miljøterapeutar i skulen
- Utvida tilbodet for at eldre kan bu heime gjennom helgeavlasting og lengre opningstid på dagsentera
- Styrka arbeidet innan psykisk helse og rusvern; rask hjelp med låg terskel
- Leggja til rette for betre hjelp til menneske med ulik funksjonsnedsetting
- Vidareutvikla arbeidet med demensomsorg
- Byggja sambrukshuset på Nærbø. Huset skal innehalda helsefunksjonar, men òg kulturfunksjonar for å skapa liv i sentrum
- At Olsvoll skal kartleggjast og plan leggast for framtida i løpet av perioden

## OPPLÆRING, FRIVILLIG ARBEID OG KULTUR

- Arbeida kontinuerleg for trygt læringsmiljø der me fremjar trivsel og meistring
- Arbeida for å få fleire pedagogar i barnehagar og skular
- Betra uteområda i barnehagar og skular
- Bruka Vigrestadmodellen for å laga eit praktisk alternativ i ungdomsskulen
- Skapa gode møteplassar for barn og unge. Barna er framtida vår!
- Ta i bruk Sterk&Klar programmet eller liknande for å styrka foreldrerolla og skapa ei rusfri ungdomstid
- Vidareføre Natteravn og Foreldre på banen
- Vera ein aktiv pådrivar for å behalda den høge kvaliteten i Kulturskulen
- Ha ny barnehage på Brusand ferdig i 2022
- Byggja ut Varhaug idrettsbarnehage til éin stor barnehage
- Prosjektera ny skule i Stokkalandsmarka frå 2021
- Planleggja ny barneskule på Vigrestad i løpet av perioden
- Vera den beste politiske støttespelaren til frivillige lag og organisasjonar
- Arbeida mot unødvendig byråkratisering av arbeidet i frivillig sektor
- Støtta tiltak som fremjar integrering, språkstimulering og sosial utjamning
- Støtta opp om detaljregulering av idrettsanlegg i kommunen
- Satsa på turistnæringa, mellom anna med å starta planlegginga av eit senter for Jærmalarane på Hå gamle prestegard, og laga gjestehamn, bubilparkering og toalettanlegg i Sirevåg.

## TEKNISK, NÆRING OG ADMINISTRASJON

- At lokalt næringsliv vert prioritert i anbodsrundar der det er muleg
- Innføra krav om at lærlingar skal vera ein faktor i anbodsrundar
- Utvikla hamna i Sirevåg med industri og turisme
- Arbeide for fleire taxiløyve til Hå, for betre taxidekning i heile kommunen
- Skapa fleire arbeidsplassar, også for dei med høgskule- og universitetsutdanning
- Ha fokus på vedlikehald av kommunale bygg og uteområde
- Arbeida for fleire halvtimes avgangar på Jærbanen
- Arbeida vidare med tiltak for flaumsikring og betre vassføring i elvene
- Utbetra Fylkesveg 44 frå Sirevåg og sørover i løpet av perioden
- Etablera lysløyper i Dalabekk og i Pytten
- Ha gatelys rundt Småhaugsvegen
- Laga gode sentrumsplanar for Varhaug og Vigrestad

